



VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Seksjon Samfunn og plan

Vår dato: 04.03.2026
Deres dato: 12.01.2026
Vår referanse: 26/00432-2
Deres referanse: 2022/125-88
Vår saksbehandlar: Bendik Lien Berge

Uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Storlineset del 2, 99/3 i Vågslid - planID 20210002

Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 13. januar 2026 med varsel om oppstart av reguleringsplan for Storlineset del 2 i Vinje kommune. Frist for innspel er sett til 06. mars 2026.

Formålet med og bakgrunnen for planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for ei utviding av eksisterande hyttefelt på Storlineset med 70 tomter med tilhøyrande infrastruktur, grøntstruktur og fellesareal. Vidare opnar planen for etablering av eit mellombels massetak innanfor planområdet, avgrensa til intern bruk i samband med gjennomføringa av reguleringsplanen. Det er gjort konsekvensutgreiing av temaet naturmangfald.

Delar av planområdet er regulert frå før i reguleringsplan for Storlineset, planID 20080002. Storlineset 2, erstattar Storlineset når forslaget til reguleringsplan for Storlineset 2 blir vedteke.

Rollene og ansvaret til fylkeskommunen

Telemark fylkeskommune har mottatt varsel til detaljregulering i medhald av plan- og bygningsloven (pbl) § 12-8.

Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgde opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planmyndigheit og planfagleg rettleiar. Innspelet frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og anbefalingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument. Ved utarbeiding av kommuneplanar og reguleringsplanar skal fylkeskommunen vareta interesser som berører kulturmiljø, friluftsliv, samordna areal- og transportplanlegging, handelsverksemd, regional plan eller planstrategi, interessene til barn og unge, universell utforming, fylkesvegar, havbruksinteresser og akvakultur. Etter folkehelselova har fylkeskommunen også eit ansvar for å vareta folkehelse i planlegginga og samfunnsutviklinga.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen varetek interessene


til barn og unge i reguleringsplanar, også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltarens tilgang til å fremje motsegn. Denne samarbeidsavtala blir inntil vidare vidareført mellom Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune.

Innspelet fylkeskommunen har til varselet

Planfaglege råd

Planforslaget viser ein regulert turveg utan målsatt breidde, kalla turveg TV på plankartet og turveg GT i føresegnene (turveg med forkortinga TV er korrekt nemning i kart- og planforskrifta). Føresegn 3.3.1 sett krav til at stien skal tilretteleggjast med eit dekke av grus eller furubark i ei breidde på minst 60 cm, maksimalt 120 cm, og skal kloppast i fuktige parti, som der den går gjennom myr.

Fylkesdirektøren er usikker på om den konkrete plasseringa av turvegen i terrenget er tilstrekkeleg planlagt til å bli satt av i plankartet slik den ligg no, og der den kryssar fleire høgdemeter. Breidde på arealformålet må i så fall målsetjast på plankartet. Fylkesdirektørens faglege råd å ta ut turvegen frå plankartet og heller leggje inn ei føresegn til naturområda om seinare detaljprosjektering av turvegen.




Figur 1. Eksempel på turveg som kryssar fleire høgdemeter.

Skiløype blir omtalt som BST i saksframlegg og reguleringsføresegner, men blir nemnd som «SKI» i plankart. Arealformål og feltbetegnesler i plankartet må samsvare med namn i reguleringsføresegnene. I reguleringsføresegnene blir feltet nemnt «BAU1», men blir namngitt som «f_URB1» i plankartet. Feltnemningar må samsvare med reguleringsføresegnene. Det same gjeld for felt «FBF», «PP» og «AVG» som har anna nemning i reguleringsføresegnene.

Det blir lagt opp til køyreveg «KV4-5» innanfor område som er avsett til LNF-området i Kommunedelplan Vågslid, og avsett til friluftsføremål i reguleringsplanen. Vegen blir også foreslått lagt innanfor strandlinje vassdrag. Tillaging av køyreveg innanfor området som er avsett til LNF-område, er i strid med overordna plan, kommunedelplan for Vågslid. Me kan ikkje sjå at valet om

å oppretta veg innanfor strandlinje vassdrag og LNF er vurdert i saksframlegget. Fylkeskommunen ber om at køyrevegen blir plassert utanfor LNF-området og strandlinje vassdrag.



Figur 2. KV5, innanfor strandlinje vassdrag.

Regionale planer

Regionale fjellplanar

Planforslaget berører regional plan for Hardangervidda og regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei. Planforslaget ligg i hovudsak innanfor regional plan for Hardangervidda i utbyggingssona, men små delar er innanfor Heiplanens omsynssone for bygdeutvikling.

Det er spesifisert i regional plan for Hardangervidda at innanfor utbyggingssona skal utbygging av fritidsbustader fortrinnsvis skje ved fortetting i og vidareutvikling av etablerte fritidsbustad-område framfor nye område. Vågslid er rekna som ein av dei største reiselivsdestinasjonane i planområdet og vidareutvikling av eit eksisterande hyttefelt her vil vere i tråd med den regionale planen. Ein skal vere merksam på at aktivitet i utbyggingssona utløyser mykje ferdsel som kan belaste viktige villreinområde dersom trafikken ikkje blir kanalisert på ein god måte. Den regionale planen opnar for at områda i utbyggingssona kan vidareutviklast dersom bindande sti- og løypeplanar kanaliserer ferdsel utanom viktige villreinområde. Eventuell omlegging, nedlegging eller nyetablering av stiar og løyper i planområdet til regional plan for Hardangervidda skal avklarast i kommunal sti- og løypeplan (jf. retningslinje §2.5.1).

Kommunen har gjort ei vurdering av konsekvensar av planforslaget for villrein, med ei vurdering av forholdet til dei regionale fjellplanane. Vidare er samla belastning vurdert, under dette friluftslivsferdsel og korleis kommunen vil vareta villreininteressene gjennom kanaliseringstiltak.

Kommunen fortener ros for eit grundig arbeid. Fylkeskommunen har ingen fleire merknader sett opp mot dei regionale fjellplanane.

Interessene til barn og unge i planlegging

- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

Det må sørgast for trygg ferdsel for barn og unge, innanfor planområdet. Undervegs i anleggsperioden skal trygg ferdsel også kunne gåast føre seg.

Det blir nemnt i reguleringsføresegnene at det kan etablerast leikeapparat og at området skal følge prinsippa for universell utforming. Det blir rekna som positivt at det blir lagt opp til eit felles leikeareal for barn og unge innanfor planområdet.

Klima og energi

Fylkeskommunen ser at ein har følgd opp tidlegare innspel om å halde utbygginga utanfor område med registrert myr.

Fylkeskommunen viser til prinsippa med å unngå, flytte, forbetre (NOU 2023: 25 Omstilling til lågutslepp 3.7 og 6.3). Skal ein få til reduksjonar av utslepp i tråd med forventningane til klimalova må ein i større grad unngå og avgrense aktivitet. Dersom ny aktivitet er nødvendig bør ein sjå på moglegheiter for å kompensere for auka klimautslepp som følge av nye planar, gjennom reduksjon andre stadar slik at totalsummen for kommunen er innanfor klimamålet for 2030, 2035 og 2050.

Ein bør gjennom planen legge til rette for at busetnaden blir sett i stand til å dekke mest mogleg av eige energibehov.

I tråd med regional klimaplan for Telemark anbefaler vi at det blir sett krav til miljøsertifiserte leverandørar, av varer og tenester, og dessutan lågt klimafotavtrykk for gjennomføring. Det bør også vurderast å sette krav til fossilfrie, utsleppsfrie og avfallsfrie bygg og anleggsplassar.

Med helsing

Tor Arne Hellkås
seksjonsleiar
Samfunn og plan

Bendik Lien Berge
Rådgiver
bendik.lien.berge@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Mottakere:
VINJE KOMMUNE

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR

Bendik Lien Berge - hovedsaksbehandler
Ulla Bech Bråten - villrein, fjellplaner
Geir Sørum - næring, klima

tlf. 94 89 43 50
tlf. 48 22 45 55
tlf. 93 45 80 33

e-post: bendik.lien.berge@telemarkfylke.no
e-post: ulla.bech.braten@tlemarkfylke.no
e-post: geir.sorum@telemarkfylke.no